



Ole Vidar Monsen og Joakim Bjørge ved oppstart av Byggmester Monsen og Bjørge AS i fjor haust.

**I fjor haust starta uskedelingen Ole Vidar Monsen opp bygningsfirmaet Byggmester Monsen og Bjørge AS saman med tømrrar Joakim Bjørge frå Seimsfoss. Det første knappe året har gått svært bra, og no har dei utvida staben med ein fagutdanna murar, Kjell Harald Tungesvik, også han her frå Uskedallen.**

Når dei no har fått muraren Tungesvik med på laget, har dei også fått betre breidde i tilbodet sitt.

- Det er ikkje så mange i Kvinnherad som har fagbrev som murar, så vi er svært glade for å ha fått tak i Kjell Harald. Målet vårt har heile vegen vore å skilte med kvalifiserte fagfolk så no kan vi gå aktivt ut og tilby bad- og våtromsjobbar, fortel Joakim Bjørge til Kvinnheringen i eit oppslag om firmaet i dagens avis.

- No har vi sikra oss nok ein kompetansenøkkel som opnar nye dører for oss, legg Monsen til til same avis, og gliser nøgd over den fine formuleringa si.

Til hausten vert staben ytterlegare auka då firmaet tar inn to lærlingar. Firmaet er også i ferd med å klargjera nye kontor her i Uskedalen.

De kan lesa meir om det ferske firmaet i god flyt i dagens utgåve av Kvinnheringen.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Elisabeth Berg Hass/ Kvinnheringen